

# Årsrapport 2014 for

**Foreldreutvalet for barnehagar og  
Foreldreutvalet for  
grunnsopplæringa**

## Rapport frå leiaren

Gode barnehagar og skular er avgjerande for at barn og unge skal oppleve ein god oppvekst og bli rusta til å ta på seg oppgåver i yrkesliv og fritid. Gode barnehagar og skular er òg avgjerande for livssituasjonen til familiarne mens barna veks opp. Begge foreldreutvala skal arbeide for godt samarbeid mellom foreldre, barnehage og skule. Det sentrale for oss er barnet og dei tilboda og utviklingsmoglegheitene det får. Alle barn skal oppleve utvikling og læring. Utvala skal bidra til å styrkje kvaliteten i norsk utdanningssektor gjennom å fremje ein open og trygg dialog mellom barnehagen/skulen og heimane. Undersøkingar viser at eit nært og tillitsfullt samarbeid fremjar trivsel og læring hos barna. Men utvala erfarer at det er stor variasjon i korleis foreldra opplever samarbeidet med barnehagen og skulen.

Det er viktige og høge mål vi snakkar om. Men det er komplekse forhold som avgjer om måla blir nådde, og det er ikkje sikkert at det er innsatsen vår som gir resultat. Vi må spørje oss sjølve om tiltaka våre er dei rette. Har vi gjennomført oppgåvene på ein god måte? Gjer vi det lettare å nå desse høge og sentrale måla?

2014 har vore eit spennande år med mange oppgåver. Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) har delteke på mange arenaer. Utvala opplever at vi gjennom dette året har vore ei tydeleg foreldrestemme og har gjort FUB og FUG meir synlege. Dette er nødvendig for at foreldra skal bruke oss og utvikle samarbeidet dei har i barnehagen og skulen sin.

Den årlege foreldrekonferansen i 2014 var ein felles konferanse for FUB og FUG og samla over 200 deltakarar som fekk ny inspirasjon i arbeidet sitt. Tittelen på konferansen var «Foreldre i barnehage og skule – gode nok?».

Foreldreutvalet for barnehagar som blei oppnemnt i 2010, har hatt sitt siste arbeidsår, og innsatsen gjennom utvalsperioden er summert opp i heftet «Kvalitet i barnehagen». Tilbakeblikket viser eit stort engasjement på mange ulike område innanfor barnehagesektoren.

Foreldreutvalet for barnehagar var på studietur til Finland og knytte kontaktar i barnehagelærarutdanning, foreldreorganisasjonar og barnehageforvaltning. Dei møtte òg organisasjonen *Folkhälsan*, som presenterte arbeidet sitt mot mobbing i barnehagen.

Foreldreutvalet for grunnopplæringa har retta stor merksemd mot tillitsvalde foreldre for at dei skal bli betre rusta til å delta i eit godt heim-skule-samarbeid lokalt. Målet er at aktive foreldre skal bidra til utvikling av skulen.

FUG har òg delteke på møte i EPA (*European Parents' Association*). I det nordiske samarbeidet har det vore fokusert mykje på fråfall i vidaregåande

opplæring i dei nordiske landa. I september blei det arrangert ein nordisk konferanse i Helsingfors der utvalet og nokre frå sekretariatet deltok.

*Gro Hexeberg Dahl*

Gro Hexeberg Dahl  
kontorsjef  
Foreldreutvalet for barnehagar og  
Foreldreutvalet for grunnopplæringa

## **Introduksjon til verksemda og hovudtal**

### **Verksemda i FUB**

#### **Medlemmer i FUB i perioden 2010–2014**

Lena Jensen, leiar  
Egil Dahl, nestleiar  
Hege Oftedal, medlem  
Dagfinn Bell, medlem  
Honoratte Muhanzi Kashale, medlem  
Roger Skarvik, medlem  
Jimmy Høiberget, varamedlem

#### **FUB-møte**

Det er halde fem utvalsmøte.

### **Verksemda i FUG**

#### **Medlemmer i FUG i perioden 2012–2015**

Elisabeth Strengen Gundersen, leiar  
Christian Hellevang, nestleiar  
Ubah A. Aden, medlem  
Laila Aleksandersen Nutti, medlem  
Synøve Buan, medlem  
Tom Wennemo, medlem  
Helge Woie, medlem

#### **Medlemmer i FUGs arbeidsutval i 2014**

Elisabeth Strengen Gundersen, leiar  
Christian Hellevang, nestleiar  
Synøve Buan vara

#### **FUG- og AU-møte**

I 2014 er det halde seks FUG-møte og sju møte i arbeidsutvalet.

### **Sekretariatet**

Det er tilsett ti personar fordelt på 9,6 årsverk.

Sekretariatet ligg i Oslo og er samlokalisert med Utdanningsdirektoratet.

## **Aktivitetar og resultat i 2014**

### **Verksemda i FUB i 2014**

2014 har vore eit innhaldsrikt og aktivt utvalsår. Stadig fleire tek kontakt, noko som tyder på at FUB er blitt meir allment kjent både i media og i målgruppa. FUB markerer seg med synspunkt i media og ved å delta i debattar, og utvalet blir i aukande grad spurt om å halde foredrag for eksterne aktørar og invitert til å delta i arbeidsgrupper og anna samarbeid. I 2014 heldt FUB totalt 46 foredrag, primært i barnehagar, men òg på høgskular, for kommunar og på konferansar. Det er spesielt tre tema FUB held foredrag om: verdien av samarbeid mellom heim og barnehage; medråderett og formelle samarbeidsorgan for foreldre; mobbing i barnehagen – dei vaksnes ansvar. Dei to første temaa har vore mest etterspurde i hausthalvåret, då barnehagane startar opp igjen etter sommarferien og det formelle samarbeidet med foreldra skal komme på plass; det tredje temaet har vore hyppig etterspurt vinter- og vårhalvåret. FUB har inntrykk av at både foreldre og barnehagetilsette har behov for meir kunnskap og kompetanse på dei tre områda.

I 2014 var det 350 som kontakta FUB på telefon eller e-post. Det er flest foreldre som tek kontakt, men òg tilsette i barnehagar eller administrasjonen av barnehagar. I året som har gått, har ein fjerdedel av sakene handla om bekymring og utfordringar i samarbeidet med dei tilsette, men mange spør òg om korleis foreldra konkret skal organisere seg med foreldreråd, samarbeidsutval og lokale FUB. Kva det blir spurt om, heng saman med etterspørselen etter foredrag om dei same temaa. FUB opplever at det er behov for auka kunnskap og kompetanse blant barnehageleiarar om medråderett for foreldra i barnehagen og om korleis mobbing blant barnehagebarn kan avdekkjast, førebyggjast og stoppast. FUB noterer seg òg at fleire og fleire foreldre tek kontakt for å få råd og rettleiing om korleis dei kan etablere og drive lokale foreldreutval.

FUB har arbeidd målretta i dei viktigaste barnehagesakene, spesielt når det gjeld å få på plass ei lovbestemt bemanningsnorm og å sikre kvalitet i alle barnehagar. FUB ser med spenning fram mot ein revisjon av barnehagelova og rammeplanen for barnehagar i 2015, og håper at regjeringa får på plass ei nasjonal bemanningsnorm i det reviderte lovverket.

Arbeidet med å få omsett FUBs skriftlege materiell har halde fram i 2014, og det aller meste av det skriftlege materialet FUB har utgitt til no, er omsett til nynorsk, nordsamisk og dei fem mest brukte språka i Noreg: arabisk, engelsk, polsk, somali og urdu. Omsetjingsarbeidet held fram parallelt med at nytt materiell blir utarbeidd.

I året som har gått, har FUB utarbeidd innspelsdokumentet «Kvalitet i barnehagen», som summerer opp FUBs meiningar gjennom dei fire utvalsåra 2010–2014.

FUB har samarbeidd med fleire aktuelle aktørar, mellom anna med Bufdir om heftet «Barn og brot». Heftet gir råd til tilsette i barnehagar om korleis dei kan møte og vareta barn og foreldre som er i ein brotsituasjon. Heftet skal ferdigstillast og sendast ut til alle barnehagane i landet vinteren 2015.

Det er halde fem utvalsmøte dette året. Eitt blei halde i Trondheim, der utvalet hadde møte med tilsette ved Dronning Mauds Minne Høgskole og med barnehageetaten i Trondheim kommune og elles var på studiebesøk i Nidarvoll barnehage. Det første utvalsmøtet i haust blei halde i Helsingfors, der utvalet òg hadde lagt opp til studiebesøk og møte med *Folkhälsan, Department for Education Policy, Hem och skola* (finsk-svensk foreldreforeining), *Parents League* (finsk foreldreforeining), Pilten barnehage og universitetet.

### **Resultata til FUB og tiltak gitt i tildelingsbrevet for 2014:**

*FUB er eit sjølvstendig rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet i spørsmål om samarbeid mellom barnehage og heim. Kongen i statsråd nemner opp utvalet. Utvalet har leiar, nestleiar og fem andre medlemmer. Funksjonstida er fire år. Det noverande utvalet er oppnemnt for perioden 01.08.10–31.12.14.*

### **Mål:**

*FUB skal arbeide for eit godt samarbeid mellom barnehage og heim og vareta interessene til foreldra i barnehagesamanheng. Samarbeidet mellom barnehage og heim skal bidra til at alle barn i barnehage får eit best mogleg tilbod. Eit godt samarbeid kan bidra til å jamne ut sosiale forskjellar og medverke til ein god overgang frå barnehage til skule.*

### **I samsvar med tildelingsbrevet frå departementet har FUB hatt tre resultatmål for 2014:**

#### **1. Vere høyringsinstans og rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom barnehage og heim**

FUB har ved fleire høve uttalt seg til departementet og Utdanningsdirektoratet i aktuelle saker:

- Høyring – prop. 1 S (statsbudsjettet) 2015
- Endring i forvaltingslova, innføring av forbod mot bruk av barn som tolk
- Meld. St. 25 (2013–2014) – Utdanning for utvikling
- FUB har hatt møte med Udir-direktør Petter Skarheim og fleire uformelle og formelle møte med Utdanningsdirektoratet om utvikling av materiell, kvalitet og rammeplan
- FUB deltok på Nasjonalt barnehageforum (NABAFO) den 1.4.
- FUB hadde 26.11. møte med fraksjonsleiar Rigmor Aaserud og medlem Sonja Mandt frå Familie- og kulturkomiteen. FUB har teke initiativ til møte

med familie- og kulturkomiteen, men det har dessverre ikkje late seg gjere å få til.

- FUB har hatt møte med både Kunnskapsdepartementet og Udir i løpet av 2014. Med Udir hadde FUB møte 13.3. og 23.6., og i Kunnskapsdepartementet hadde FUB dialogmøte med embetsverket 31.3. og etatsstyringsmøte 30.4. FUB har ikkje hatt møte med politisk leiing i Kunnskapsdepartementet i 2014. Kontorsjefen har i tillegg regelmessig kontaktmøte med embetsverket i Kunnskapsdepartementet.

FUB svarer på alle høyringsinnspel frå Kunnskapsdepartementet og Udir som er relevante for utvalet, og får på den måten formidla synspunkta og meiningane til foreldra på nasjonalt nivå. FUB tek dessutan initiativ til møte med offentleg sektor for å diskutere saker FUB er både engasjert i og oppteke av. FUB nyttar seg dessutan av alle offentlege kanalar for å gjere meininga si kjend.

## **2. Gi informasjon og rettleiing til foreldre, tilsette i barnehagar og barnehageeigarar om verdien av samarbeid mellom barnehage og heim**

- FUB har i 2014 fått 350 førespurnader på telefon og e-post. Av desse var 151 på telefon og 199 på e-post. Det er ein auke på 79 samanlikna med året før. Temaa som flest tek opp, er
  - o samarbeidsproblematikk mellom heim og barnehage
  - o retten til foreldremedverknad og spørsmål om rådsorgan (foreldreråd, samarbeidsutval og lokale FUB)
  - o bemanning, sjukefråvær, gjennomtrekk og manglande vikarbruk

I tillegg gir FUB råd av meir uformell karakter til foreldre som tek kontakt, til dømes når FUB held eksterne foredrag og/eller deltek på eksterne møte og seminar med foreldre og fagtilsette til stades. Dette gir ein nærleik til brukarane som for FUB er unik, mellom anna med omsyn til å bli kjend med kva foreldre og tilsette er opptekne av, og kva dei opplever som utfordrande i samarbeidet mellom heim og barnehage.

- FUB sender ut nyheitsbrev om lag annankvar månad.
- FUB har halde til saman 46 foredrag på ulike arenaer, for det meste i kommunar og barnehagar, på høgskular og hos fylkesmenn. FUB har òg halde foredrag på større barnehagekonferansar. Tema har vore samarbeidet heim–barnehage, mobbing i barnehagen og rolla til lokale foreldreutval. Foredraga blir primært haldne av sekretariatet, men òg av utvalsmedlemmer.
- 25.–26. oktober arrangerte FUB sin fjerde konferanse, denne gongen i samarbeid med FUG. Konferansen heitte «Foreldre i barnehage og skule – gode nok?», og 200 foreldre til barnehage- og skulebarn deltok. Hovudmålet med konferansen var å auke foreldreengasjementet og gi motivasjon til det viktige samarbeidet mellom heim og barnehage/skule. Innhaldet var foredrag om læring og utvikling i barnehage og skule, om mobbing, om å vere foreldre

og om oppvekst og overgangar. Kulturinnslag med song av yngre barn og ungdom og gruppearbeid var òg ein del av konferansen.

Hovudforedragshaldarar var Thomas Nordahl, Ingrid Lund, Marianne Godtfredsen, Kjersti Botnan Larsen, Lou Rosling og representantar for prosjektet «Saman om oppvekst» frå ulike kommunar. Også utvalsmedlemmene sjølve heldt innlegg i parallellsesjonane som blei haldne første dagen. Tilbakemeldingane frå deltakarane var udelt positive. Svært mange gir i dei skriftlege evalueringane sine uttrykk for stort fagleg utbytte og seier at foreldrekonferansen til FUB og FUG er ein god stad for nettverksbygging.

- FUB heldt foredrag for OECD om utvalet i juni.
- FUB oppdaterer heimesida si jamleg, og her blir det lagt ut både nyheitsstoff om FUB og relevant informasjon om barnehage. FUB har fått omsett delar av heimesida til nordsamisk, og teksten vil bli publisert i løpet av januar 2015.
- I august gjennomførte FUB ei undersøking blant barnehageforeldre om kvalitet i barnehagen.
- FUB har hatt fleire møtepunkt med minoritetsspråklege foreldre enn tidlegare år og har m.a. halde foredrag i Urtehagen vaksenopplæring og i eit prosjekt i regi av Hedmark fylkeskommune om samarbeid mellom barnehage, skule og foreldre med minoritetsbakgrunn.
- FUB har delteke med stands på alle lærarstemna i 2014: Sørlandske 17.10., Østlandske 31.10.–1.11. og Skulemøtet for Rogaland 16.11. FUB hadde òg stand under Udires nasjonale barnehagekonferanse 28.1.–29.1.
- Fleire foreldre med minoritetsspråkleg bakgrunn enn tidlegare år har kontakta FUB.
- Alle kommunar fekk i august tilsendt FUB-brosjyren «Mobbing i barnehagen» og brev om å setje antimobbing på dagsordenen.
- 2014 var siste utvalsåret til FUB, og i den samanhengen utarbeidde FUB eit dokument som summerte opp alle standpunkt og meiningar utvalet har hatt i perioden 2010–2014. Dokumentet blei sendt til alle fylkesmenn og relevante samarbeidspartnarar i desember.

FUB opplever å ha vore tilgjengeleg for alle foreldre og tilsette som har teke kontakt både på telefon og e-post, men òg i direkte møte når FUB har halde presentasjonar og foredrag i barnehagar og kommunar. Utvalet er og har vore oppteke av å gjere seg kjent og er aktivt både på Facebook og Twitter. Det sender òg ut eigenprodusert materiell til fylkesmenn, kommunar, barnehagar og foreldre. FUB ser at fleire tek kontakt, og tolkar dette som eit teikn på at FUB held på å bli betre kjent. Sidan FUB framleis er eit forholdsvis nytt utval og tida som barnehageforeldre er kort, slik at dei blir skifta ut ofte, vil vi framleis arbeide målretta med å gjere FUB kjent.



### **3. Samarbeide med aktuelle aktører i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er til stades**

- FUB arrangerte i samarbeid med Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO) frukostseminar 28. august i NHO-lokale i Oslo. Tittelen på konferansen var «Kvifor må vi satse på barnehagen?» Foredragshaldarar var mellom andre professor emerita Berit Bae, HiOA, og leiarar frå Utdanningsdirektoratet, Utdanningsforbundet, Fagforbundet og arrangørane. Konferansen var svært populær og blei fullteikna på kort tid. Arrangementet fungerte godt både praktisk og innhaldsmessig, og vi fekk gode tilbakemeldingar både på innhaldet og på samarbeidet med NHO.
- I prosjektet «Heile barnet – heile løpet» samarbeider Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnopplæringa med Universitetet i Agder, Kristiansand kommune og Sørlandet sykehus. Ved hjelp av følgjeforskning med både kvalitative og kvantitative forskingsmetodar på mobbing i barnehagen som ein del av læringsmiljøet er målet å skaffe fram forskingsbasert kunnskap om erfaringar i barnehagen og om overgangen frå barnehage til skule. Korleis barn blir møtte og varetekne når dei blir mobba, er avgjerande for utviklinga av psykisk helse og samhandlinga med andre. Det verkar inn på både skulegangen og vegen vidare i vaksenlivet. Prosjektet er no inne i det siste året, og det er offentleggjort fleire funn som gir heilt ny kunnskap om mobbing.
- Det er stor etterspørsel frå barnehagar og kommunar om å få tilsendt mobbeprosjyren, ressursheftet om samarbeidet mellom heim og barnehage, temaplakatane og heftet om foreldremedverknad i barnehagen. Alle brosjyrar og hefte er tilgjengelege på nettet. Mobbeprosjyren er revidert i løpet av året og er oppdatert med ny og aktuell informasjon.
- I tillegg til nordsamisk og nynorsk har vi omsett brosjyrar og hefte til engelsk, urdu, arabisk, polsk og somali.
- FUB har i året som er gått, vidareutvikla og utvida samarbeidet med relevante aktører. Vi har faste møte med NAFO, Utdanningsforbundet og Barneombodet. I tillegg har vi regelmessig kontakt med Bufdir, Fagforbundet, PBL, KS, Vaksne for barn, Unicef og Trygg Trafikk. FUB har òg kontakt med dei største barnehageeigarane og andre organisasjonar. Dessutan tek vi jamleg kontakt med fylkesmennene og høgskular/universitet.
- FUB har teke initiativ til besøk av og hatt møte med alle dei ti nasjonale sentera i løpet av året. FUB har inngått eit samarbeid med nokre av sentera, mellom dei Framandspråksenteret og Lesesenteret. Saman med Lesesenteret gav FUB i juni ut plakatane om kor viktig det er at foreldre les saman med barna sine. FUB har opplevd det som svært nyttig og givande å inngå konkrete samarbeidsprosjekt med dei nasjonale sentera. På denne måten får både barnehageforeldra og det faglege miljøet saman understreka kor viktige gitte innsatsområde er for barnehagebarn. Det er òg viktig at to nasjonale organ får høve til å profilere seg samtidig gjennom felles saker. FUB ser òg at eitt samarbeid generer fleire, og slik får organ på nasjonalt nivå utnytta kompetanse og kunnskap på tvers av kvarandre og fagområda.

- FUB ser at møte med kommunar og fylkesmenn er viktige forum å vere i fordi ein når mange og møter nivået som har mynde og makt på barnehageområdet. I tillegg når FUB fram til dei som faktisk har direkte kontakt med barnehageområdet, til dømes barnehagesjefar og styrarar.
- FUB har delteke med stands på Østlandske og Sørlandske Lærerstevne og på Skulemøtet for Rogaland.
- I 2014 har FUB delteke i desse arbeids- og referansegruppene:
  - o Arbeidsgruppe for manifest mot mobbing: utvalsmedlem Hege Oftedal. Vara er seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen.
  - o Gruppe for evaluering av gratis barnehagetilbod til femåringar: utvalsmedlem Hege Oftedal. Vara er seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart.
  - o Referansegruppa GLØD (Kompetanse 2020): utvalsmedlem Dagfinn Bell. Vara er seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart.
  - o Referansegruppe for kvalitet i barnehagen (KIB): leiar Lena Jensen. Vara er seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen.
  - o Referansegruppe for GLØD i Sør-Trøndelag: utvalsmedlem Dagfinn Bell.
  - o Referansegruppe for GLØD i Rogaland: utvalsmedlem Hege Oftedal.
  - o Rådet URLU (Utdanningsdirektoratets råd for likeverdig utdanning): utvalsmedlem Dagfinn Bell er medlem, og utvalsmedlem Hege Oftedal er varamedlem. (Utvalet har diskutert deltakinga si i gruppa og bestemt at det ikkje skal delta aktivt.)
  - o Universitets- og høgskulerådet: kontorsjef Gro Hexeberg Dahl
  - o Referansegruppe for forskingsprosjekta
    - 1) *Better provision for Norway's children in ECEC*
    - 2) *Searching for qualities*
 i regi av Høgskolen i Oslo og Akershus (frå 2013): leiar utvalisleiar Lena Jensen
  - o Nasjonal rådgivingsteneste for barnehage- og skuleanlegg: utvalsmedlem Dagfinn Bell
  - o Arbeidsgruppe om den nasjonale barnehagedagen saman med Utdanningsforbundet og Fagforbundet: seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen
  - o Arbeidsgruppe i samarbeid med Bufdir i utarbeidinga av ein rettleiar for barnehagetilsette om «Barn og brot»: utvalsmedlem Hege Oftedal. Vara: seniorrådgivar Lou Cathrin Norreen
  - o Gratis kjernetid: seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart.
  - o GOBAN / Blikk for barn: seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart.
  - o Referansegruppe til Helsedirektoratets arbeid med nye forskrifter til helsestasjonane: seniorrådgivar Åse-Berit Hoffart
- FUB har i samarbeid med KD arrangert workshopar for barnehagestyrarar om graderte betalingssatsar for foreldre i barnehage.
- Studiereise til Finland, der FUB hadde møte med *Folkhälsan, Department for Education Policy, Hem och skola* (finsk-svensk foreldreforeining),

Pilten barnehage, Helsingfors universitet og *Parents League* (finsk foreldreforeining).

- Studiereise til København, der FUB hadde møte med *Red Barnet* om det pedagogiske opplegget «Fri for mobbing» og «Mobbekofferten» og besøkte Anna Wulffs barnehage i København. Der fekk vi sjå korleis programmet og innhaldet i kofferten blei praktisert.

FUB har opparbeidd seg eit breitt kontaktnett på overordna nivå og på landsbasis med aktuelle og relevante aktørar. Fleire av aktørane har FUB inngått konkrete samarbeidsprosjekt med både på kortvarig og langvarig basis. FUB opplever i tillegg å ha etablert eit mangfaldig nettverk som blir teke i bruk i forskjellige samanhengar, og at også nettverket tek i bruk FUB når det er aktuelt. Slik opplever FUB å ha blitt eit organ som blir rekna med, og som andre dreg vekslar på i samband med ymse arbeid, til dømes Unicef i arbeidet mot mobbing og Lesesenteret i samband med lesekampanjen for barn. FUB meiner at resultatmålet om å samarbeide med aktuelle aktørar i samband med foreldreperspektivet langt på veg er nådd.

## Oppsummering

FUB har i 2014 gjennomført sitt fjerde og siste utvalsår. Avslutninga blei formelt markert i Kunnskapsdepartementet den 21.11. med eit avslutningsseminar og foredrag ved Berit Bae og Lars Maanum. FUB nytta høvet til å overrekkje Kunnskapsdepartementet oppsummeringsdokumentet sitt, som inneheld FUBs arbeid og meningsytringar gjennom perioden 1. august 2010 til 31. desember 2014.

Auken i talet på førespurnader og aktivitet elles viser eit sterkt engasjement hos foreldra, spesielt når det gjeld bemanning og kvalitet i barnehagen. Mange stader i landet blir det danna lokale foreldreutval som er viktige pådrivarar i barnehagesaker i kommunane. Utvalet har også dette året hatt høg aktivitet, og bemanning, mobbing i barnehagen og verdien av foreldremedverknad i barnehagen har vore blant dei sakene FUB har markert seg mest med.

Utvalsmedlemmene har vore aktive og markert seg godt med arbeidet sitt. Dei arbeider breitt for å nå ut til målgruppene som er nemnde i tildelingsbrevet, noko som viser att i det auka talet på førespurnader til FUB. FUB ønskjer at eit hovudarbeidsområde framleis skal vere å hjelpe barnehagane og kommunane med å etablere lokale foreldreutval.

Aktiviteten i utvalet samsvarer godt med resultatmåla for 2014.

## Verksemnda i FUG i 2014

I brev om tildeling for 2014 heiter det om ansvaret og hovudoppgåvene til FUG at FUG er eit sjølvstendig rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet i saker om samarbeid mellom heim og skule. FUG skal arbeide for godt samarbeid

mellom heim og skule og skal vareta foreldra sine interesser i skulesamanheng, jf. forskrift til opplæringslova § 20-1. FUG skal vidare arbeide for å styrkje foreldreengasjementet og foreldreinnverknaden i grunnskulen og første året i vidaregåande opplæring gjennom informasjon, skulering og rettleiing overfor foreldre. Utvalet har eit spesielt ansvar for å stimulere dialogen mellom heim og skule. Det er ei viktig oppgåve for utvalet å medverke til å få alle foreldre med i dette arbeidet.

### **Mål for 2014**

FUG skal arbeide for godt samarbeid mellom heim og skule og skal vareta interessene til foreldra i skulesamanheng. Samarbeidet mellom heim og skule skal ha eleven i fokus og bidra til at eleven får utvikle seg fagleg og sosialt. FUG vil leggje særleg vekt på å

- medverke til å auke læringsutbyttet til elevane gjennom å arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og skule
- medverke til å auke kompetansen i heim-skule-samarbeidet for dei tilsette i skulen
- medverke til å auke kompetansen i heim-skule-samarbeidet for foreldra og få fleire foreldre engasjerte i opplæringa

### **Resultata til FUG og tiltak gitt i tildelingsbrevet for 2014:**

#### **Faste oppgåver:**

- 1. Vere høyringsinstans og rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeidet mellom heim og skule**

#### **Tiltak 1.1 Gi høyringsfråsegner i relevante skulepolitiske saker**

Å gi høyringsfråsegner er ein viktig del av oppgåva til FUG som rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Gjennom høyringsfråsegner har FUG klargjort sitt syn på aktuelle saker og hatt høve til å påverke dei endelege føresegnene i lov, forskrift og læreplan og andre viktige utdanningspolitiske styringsdokument.

Alle høyringsfråsegner frå FUG blir publiserte i sin heilskap på nettsida til FUG.

#### **I 2014 har FUG gitt fråsegn i desse høyringane:**

- Forslag til endringar i opplæringslova – påbygging til generell studiekompetanse
- Forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova
- Forslag om endringar i privatskulelova – innføring av mellombels dispensasjonsføresegn
- Kommuneproposisjonen 2015 (prop. 95 S (2013–2014)).

- Fleksibilitet i fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring
- Kryssløp frå vg1 helse- og oppvekstfag til vg2 aktivitør
- Forslag til endringar i opplæringslova og privatskulelova – skulebyte i mobbesaker
- Innføring av eit forbod mot bruk av barn som tolk i forvaltingslova
- Formgiving som eige utdanningsprogram
- Omgjering av utdanningsprogram for medium og kommunikasjon
- Karakterkrav i matematikk for lærarutdanningane
- Forslag til endringar i utdanningsstøtteleova

FUG har òg sendt eit innspelsnotat til KUF-komiteen og Finanskomiteen om statsbudsjettet – prop. 1S (2014–2015)

### **Tiltak 1.2 Delta i referansegrupper og arbeidsgrupper i regi av skulemyndigheiter**

FUG har delteke i desse arbeids- og referansegruppene:

#### ***Kunnskapsdepartementet***

Nasjonal arbeidsgruppe Ny Giv  
Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen  
Vara: Gro Hexeberg Dahl

#### ***Utdanningsdirektoratet***

Referansegruppe for felles nasjonalt tilsyn  
Medlem: Synøve Buan

#### ***Utdanningsdirektoratet***

Referansegruppe for *Programme for International Student Assessment (PISA)* og *Civic Education Study (CIVIC)*  
Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen  
Vara: Randi Jørgensen

#### ***Utdanningsdirektoratet***

Arbeid mot rasisme  
Medlem av jury – Benjaminprisen  
Medlem: Christian Hellevang

#### ***Utdanningsdirektoratet***

Råd for inkluderande opplæring og  
Brukarforum for likeverdig opplæring  
Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen  
Vara: Synøve Buan

#### ***Utdanningsdirektoratet***

Manifest mot mobbing  
Møte med statsråden

Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen  
Vara: Christian Hellevang

***Utdanningsdirektoratet***

Arbeidsgruppe Manifest mot mobbing  
Arbeidsgruppe  
Medlem: Randi H. Jørgensen

***Utdanningsdirektoratet***

Jury for Dronning Sonjas Skolepris  
Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen  
Vara: Christian Hellevang

***Utdanningsdirektoratet***

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem  
Medlem: Helge Woie

***Utdanningsdirektoratet***

Rådgivingstenesta for skuleanlegg  
Medlem: Christian Hellevang  
Vara: Gro Hexeberg Dahl

***Utdanningsdirektoratet***

Arbeidsgruppe Regelverk i praksis  
Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen  
Vara: Joachim Majambere

***Kulturdepartementet***

Referansegruppe Organisert idrett og deltaking for minoritetsjenter  
Medlem: Ubah A. Aden

***Integrerings- og mangfaldsdirektoratet***

Koordinering av arbeid for kompetanse og fullføring for fleirspråklege elevar  
Medlem: Ubah A. Aden  
Vara: Laila Aleksandersen Nutti

***Integrerings- og mangfaldsdirektoratet***

Arbeidsgruppe for å følge opp arbeidet i Koordineringsgruppe for fleirspråklege elevar  
Medlem: Joachim Majambere

***Buudir***

Samarbeid barnevern/skule for betre gjennomføring  
Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen

***Helsedirektoratet***

Arbeidsgruppe – Retningslinjer for tannhelsetenester til barn og unge  
Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen

**Helsedirektoratet**

Nasjonale faglege retningslinjer for helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Medlem: Kjersti Falck

**FAFO**

Brukarerfaringar med minoritetsrådgivarordninga.

Medlem: Tom Wennemo

Vara: Kjersti Falck

**Unicef**

Referansegruppe «Du kan vere den eine»

Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen

Vara: Gro Hexeberg Dahl

**Medietilsynet**

Advisory board «Safer internet»

Medlem: Christian Hellevang

Vara: Elisabeth Strengen Gundersen

**Rosa Kompetanse, fagleg råd**

Medlem Elisabeth Strengen Gundersen

**Nordisk komité**

Består av leiarane for dei nordiske foreldreorganisasjonane

Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen

Vara: Christian Hellevang

**European Parents' Association (EPA)**

Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen

Vara: Christian Hellevang

**European Parents' Association (EPA)**

Styret

Medlem: Christian Hellevang

Frå desember 2014 blei Christian Hellevang éin av seks visepresidentar i EPA.

**Læringsmiljøsenderet UiS**

Ressursgruppe for læringsmiljøprosjektet

Medlem: Elisabeth Strengen Gundersen

Vara: Gro Hexeberg Dahl

**Elevmedverknadsnettverk**

Uformelt nettverk for å fremje elevmedverknad

Medlem: Randi H. Jørgensen

FUG opplever deltakinga i gruppene som viktig for å formidle foreldreperspektivet på mange og svært varierte saksområde.

### **Tiltak 1.3 Ha jamlege kontaktmøte med politisk leiing og embetsverk i departementet og direktoratet for å bringe vidare det foreldre er opptekne av og opplever som utfordrande i skulen**

Sekretariatet og utvalet har hatt

- 13 møte med Kunnskapsdepartementet. Åtte av dei har vore kontaktmøte der sekretariatsleiaren har delteke;
- 17 møte med Utdanningsdirektoratet. FUG-leiar, nestleiar og sekretariatsleiar har hatt faste møte med leiargruppa i Utdanningsdirektoratet. I tillegg har tilsette i FUG hatt møte med andre medarbeidarar i direktoratet.

### **Tiltak 1.4 Vere ein aktiv bidragsytar på nasjonalt og regionalt plan for å vise kva foreldra betyr for barnas læring**

Foreldra er barnas viktigaste rollemodellar og første lærarar. Kva haldningar foreldra har til skulen, verkar inn på trivsel, motivasjon og læring hos barna. For å kunne dokumentere dette overfor foreldra og skuleverket har FUG halde seg orientert om forskning på samarbeid heim–skule.

### **Tiltak 1.5 Halde kontakt med dei politiske partia og Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget**

FUG har oppretta kontakt med dei politiske partia og hatt eitt møte med KUF-komiteen på Stortinget.

**Konklusjon:** Gjennom høyringsfråsegner i ulike saker har FUG fremja foreldrestemma for å betre læringsmiljøet til elevane. Gjennom deltakinga i ulike referanse- og arbeidsgrupper har FUG fått høve til å løfte fram rolla til foreldra og ønsket deira om å bidra til eit godt læringsmiljø for elevane. Deltakinga i gruppene er vesentleg for at foreldreperspektivet skal komme fram på mange og svært varierte saksfelt. FUG blir invitert og bidreg som ein svært sentral aktør.

## **2. Tilby foreldre og tilsette i skulen informasjon, skulering og rettleiing om verdien av samarbeid mellom skule og heim**

### **Tiltak 2.1 Halde foredrag for foreldre og tilsette om samarbeid og den viktige rolla foreldre har i læring**

Utvalsmemlemmer og tilsette har i 2014 halde 30 foredrag for foreldre, lærarar og skuleleiarar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. I dei fleste tilfella har skular i kommunane slått seg saman og arrangert eit stormøte, nokre få gonger har det vore enkeltskular. FUG ser verdien i at alle samarbeidspartar i skulen får lik informasjon om kor viktige foreldra og heim-skule-samarbeidet er for læringa. FUG har òg vore representert på Sørlandsk og Østlandsk Lærerstevne og på Skulemøtet for Rogaland.



## **Tiltak 2.2 Arrangere ein nasjonal konferanse saman med FUB for tillitsvalde foreldre**

FUG arrangerte ein nasjonal konferanse saman med FUB der ca. 200 tillitsvalde foreldre deltok. Konferansen fann stad på Gardermoen 25. og 26. oktober. Temaet for denne konferansen var «Foreldre i barnehage og skule – gode nok?» Målet med foreldrekonferansen var å medverke til å auke kompetansen i samarbeid heim–barnehage/skule for foreldre og å få fleire foreldre engasjerte i barnas læring uavhengig av sosial bakgrunn.

Informasjon om konferansen blei lagd ut på heimesida til FUG, og brev blei sendt til skulefagleg ansvarleg i kommunane. I tillegg blei det sendt e-post til dei kommunane som har kommunale foreldretutval (KFU). Den same informasjonen blei publisert på Facebook-sida til FUG. Det var stor interesse for konferansen, og evalueringa viste at deltakarane hadde stort utbyte av han. Ei spørjeundersøking der 70 prosent av deltakarane svarte, viste at deltakarane opplevde det som positivt å ha ein felles konferanse for barnehage- og skuleforeldre.

## **Tiltak 2.3 Gi råd til foreldre via e-post og telefon**

I 2014 fekk FUG 605 telefonar og e-postar frå enkeltforeldre og tillitsvalde foreldre. Tabellen nedanfor viser kva foreldra bad om råd om.

<b>Kategori</b>	<b>Tal</b>	<b>Prosent (ca.)</b>
Organisering	193	32
Rådsorgan	141	23
Læringsmiljø	111	18
Mobbing	70	12
Vanskeleg kommunikasjon med rektor	67	11
Spesialundervisning	23	4

### **Beskriving av kategoriane**

#### **Organisering (32 prosent)**

Foreldra tok opp mellom anna undervisningstilbod, vurdering, klassesamansetning, skulenedlegging og tilknytt lovverk.

#### **Rådsorgan (23 prosent)**

Foreldra spurde mest om mandatet til FAU og korleis utvalet er samansett. Nokre FAU-leiarar bad om råd om korleis dei kunne hjelpe foreldre som opplever vanskeleg kommunikasjon med rektor eller dårleg klassemiljø i enkeltklassar/grupper.

#### **Læringsmiljø (18 prosent)**

Foreldra uttrykte frustrasjon over uro i klassen, konflikhtar mellom lærarar og elevar, bruk av ufaglærte vikarar og mangelfull klasseleiing.

### **Mobbing (12 prosent)**

---

Foreldra beskrev mobbesituasjonar på skulen / i klassen. Dei fortalde at tilsette ved skulen bagatelliserte og stilte seg passive til opplysningar om mobbing. Nokre rapporterte om manglande initiativ frå skulen si side til å gjere enkeltvedtak om mobbing og lurte på korleis dei kunne klage på dette lovbrøtet.

### **Vanskeleg kommunikasjon med rektor (11 prosent)**

---

Foreldra følte seg overhøyrde og overkøyrde av rektor, som var oppteken av å beskytte seg sjølv, eigen praksis og egne tilsette. Nokre av foreldra fortalde at rektor bagatelliserte alvorlege tilfelle av mellom anna mobbing, dårleg klasseleiing og mangel på tilpassa opplæring. Andre opplevde at rektor møtte foreldre med skulevegving negativt.

### **Spesialundervisning (4 prosent)**

---

Foreldra klaga på mangelfull oppfølging av enkeltvedtak om spesialundervisning med tanke på timetal og bruk av ufaglært personale.

### **Oppsummering**

- I 2014 fekk FUG 605 førespurnader frå enkeltforeldre og foreldrerepresentantar. Det er ein auke på ca. 60 tilfelle sidan 2013 og 230 sidan 2012. Dobbelt så mange har kontakta oss per telefon som via e-post.
- Foreldreutvalet for grunnopplæringa trur at det store talet på førespurnader om organisering og rådsorgan – ca. 55 prosent – kjem av mangelfull informasjon frå skulen. Tilstreккеleg informasjon frå og god dialog med skulen er ein nødvendig føresetnad for at foreldre skal vere i stand til å delta i skulekvardagen og læringa til barna.
- Skulemiljøet, altså læringsmiljø, mobbing og vanskeleg kommunikasjon med rektor, utgjorde ca. 44 prosent av sakene i 2014.
- Trass i at det er blitt lettare å kommunisere elektronisk på nett og sosiale medium, opplever FUG at talet på førespurnader aukar. Talet har auka med 230 sidan 2012. Foreldra uttrykkjer at dei finn god informasjon på heimesida til FUG, men at dei har eit behov for å snakke med rådgivarane i FUG.

FUG har vidareutvikla sida «Ofte stilte spørsmål» (OSS) for at foreldre raskt og lett skal kunne svar på det dei lurar på.

FUG har delteke i arbeidsgruppa «Regelverk i praksis» og har i den samanhengen formidla sine erfaringar til resten av gruppa, spesielt Utdanningsdirektoratet, og gjort greie for kvar foreldra meiner at skoen trykkjer mest.

#### **Tiltak 2.4 Ha direkte kontakt med arbeidsutvala i foreldreråda (FAU) og dei kommunale foreldreutvala (KFU) for å føre dialog i aktuelle saker**

FUG har jobba med å skaffe seg e-postadresser til FAU for å kunne kommunisere direkte med dei. Vi har i første omgang bedt Utdanningsdirektoratet om ein rubrikk til FAU-adresse i GSI. Mens vi ventar på svar frå Utdanningsdirektoratet, har vi samla inn nokre FAU-adresser ved å forhøyre oss hos rektorane.

#### **Tiltak 2.5 Vedlikehalde og oppdatere heimesida som ein ressursstad for foreldre og skule, sende jamlege nyheitsbrev og vere aktiv på sosiale medium**

FUG har materiell til nedlasting på heimesidene sine. Det er skuleringsmateriell for tillitsvalde foreldre, filmar om heim-skule-samarbeid og rettleiing om korleis foreldre kan hjelpe barna sine. Også i 2014 er materialet blitt løfta fram og synleggjort for foreldre og skule til bruk i samarbeidet. Mange foreldre som ringjer til FUG, fortel at dei er fornøgde med ressursmaterialet som ligg ute på FUG-heimesida.

#### **Tiltak 2.6 Leggje vekt på universell utforming av nettsida, omsetje meir materiell til ulike språk og utvikle den nordsamiske nettsida**

FUG har etterlevd prinsippet om universell utforming på heimesida si med mellom anna verktøy for tekstopplesing og moglegheit for auka skriftstorleik. Alle malar på nettstaden er validerte etter tilrådd W3C-standard og dermed tilrettelagde for skjermleseutstyr og anna spesialtilpassing for alle brukarar.

I 2014 blei delar av nettstaden omsette til nordsamisk.

#### **Tiltak 2.7 Vidareutvikle «SKAP dialog» og gjere FUG kjent blant tilsette i skulen**

FUG sende også i 2014 ut «SKAP dialog»-materiell til skulane før skulestart. Prosjektet «SKAP dialog» var i utgangspunktet ei femårig satsing som blei utvikla i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, KS, Skolenes Landsforbund og Utdanningsforbundet. Formålet med dette var å bevisstgjere alle foreldre på første trinn om kor viktige dei er for barnas læring, og kor mykje det betyr at foreldra kjenner kvarandre og kvarandres barn. Sendinga til skulane inneheldt informasjonsark til foreldra, eit brev til rektor og FAU-leiar og eit eksemplar av «Kontaktbok mellom heim og skule». Denne kunne dei bestille klassesett av om dei ville. Utdanningsdirektoratet la ikkje ved nokon brosjyre i år, då dei ikkje hadde heim-skule-samarbeid i tildelingsbrevet sitt.

Informasjonsarket til åttande trinn og spela «Samspelet heim-skule» og «Dialog» er òg lagde ut på distribusjonsstaden vår, «SubjectAid», der lærarane kan gå inn og bestille dei kostnadsfritt. FUG-materialet har i heile år lege på topp-ti-lista av materiell som blir bestilt.

Etter det FUG høyrer, er det framleis mykje einvegskommunikasjon frå skule til foreldre. Eitt av måla med kampanjen har derfor vore å bidra til tovegskommunikasjon, dialog og reell medverknad. Det har òg vore eit mål å få foreldre til å danne foreldrenettverk. Forsking viser at det er viktig for barns læringsmiljø at foreldra kjenner kvarandre.

### **Tiltak 2.8 Ta initiativ overfor rektorar om å invitere FUG til å halde foredrag for tilsette i fellestida til lærarane**

FUG har uttrykt ønske om å halde foredrag for tilsette ved skular, men har dessverre opplevd at arbeidstidsavtalen til lærarane har vore til hinder for dette.

### **Tiltak 2.9 Oppmode skuleeigarar og skuleleiarar til å ta ansvar for at dei lovpålagde rådsorgana fungerer**

FUG har sendt eit brev til skuleeigarar og skuleleiarar og oppmoda dei til å ta ansvar for at dei lovpålagde rådsorgana fungerer.

**Konklusjon:** FUG har gjennom dagleg rådgiving, foredragsverksemd og foreldrekonferansar formidla verdien av heim-skule-samarbeidet til både foreldre og skuletilsette.

## **3. Medverke til å få foreldre engasjerte i opplæringa**

### **Tiltak 3.1 Formidle forskning, gode døme og relevant materiell som viser at alle foreldre er ressursar for barna sine**

FUG har lagt ut forskning, gode døme og relevant materiell på [www.fug.no](http://www.fug.no).

### **Tiltak 3.2 Formidle gode døme på gjennomføring av foreldremøte**

FUG har oppdatert og lagt ut gode døme på foreldremøte på [www.fug.no](http://www.fug.no).

### **Tiltak 3.3 Inspirere til at foreldre engasjerer seg som tillitsvalde, ved å bidra til at valprosessane blir betre og meir demokratiske**

I samband med rådgivinga har FUG oppmoda tillitsvalde foreldre til å informere alle foreldre og ha gode valprosessar slik at dei òg får høve til å engasjere seg som foreldrerepresentantar.

### **Tiltak 3.4 Drøfte og arbeide for forventingssamtalar på åttande trinn og vg1 like etter skulestart**

På eit utvalsmøte blei det vedteke at FUG skulle arbeide for at det blei innført obligatorisk forventingssamtale på åttande trinn og på vg1.

Ungdomstrinnet markerer noko nytt både for elevar og foreldre. FUG meiner at det er nødvendig med ein forventingssamtale mellom lærar, elev og foreldre ved starten av åttande trinn. Det vil gi avklaringar som er nødvendige for å få eit godt utbyte av opplæringa. Læraren vil få kunnskap om eleven, eleven vil få avklart forventingane sine og foreldra vil få kunnskap om korleis dei kan bidra på best mogleg måte.

Det er ein betre og lengre tradisjon med samarbeid omkring enkelteleven i grunnskulen enn det er i vidaregåande, der konferansetimar/utviklingssamtalar nyleg er lovfesta.

Fleire vidaregåande skuler har opplevd positive resultat ved å innføre forventingssamtalar i byrjinga av vg1. Bjørnholt skole i Oslo har hatt så gode erfaringar med dette at dei òg har innført forventingssamtalar i byrjinga av vg2. Forventingssamtalane blir haldne med elev, foreldre og kontaktlærar like etter at skuleåret er i gang. For dei fleste er det tilstrekkeleg å ha denne samtalen første skuleveke eller ved innflytting der elevane flyttar heimanfrå. For enkelte elevar vil det vere tenleg å ha dette møtet allereie semesteret før.

FUG ønskjer å arbeide for at forventingssamtalane blir obligatoriske. Det meiner FUG vil vere med på å sikre at samarbeidet mellom heim og skule blir etablert på ein positiv måte. Samtidig vil det gi eleven eit signal om at det er heilskapleg tenking og praksis mellom heim og skule, og ikkje éin dialog med skulen og ein annan med heimen. FUG meiner at dette ikkje berre vil bidra til å hindre fråfall, men òg gi betre motivasjon og større læringsutbyte undervegs i løpet.

### **Tiltak 3.5 Prosjektsamarbeid med Oslo KFU for å få fleire foreldre frå språklege minoritetar til å engasjere seg som tillitsvalde**

I 2014 deltok FUG på eit samarbeidsprosjekt med Kommunalt foreldreutval i Oslo som hadde som mål å auke engasjementet i heim-skule-samarbeidet hos minoritetsspråklege foreldre i Osloskolen.

Samarbeidsprosjektet hadde til mål å fremje ei 40/60-prosentsatsing i samansetjinga av FAU i Oslo. Bakgrunnen for denne målsetjinga er prognosane som seier at det om ei tid vil vere 40 prosent minoritetsspråklege og 60 prosent majoritetsspråklege innbyggjarar i Oslo. Samansetjinga i FAU bør spegle dette, i det minste på dei skulane som har prosentvis mange minoritetsspråklege elevar. Oslo KFU var prosjekteigar. I dette prosjektet blei tre skular valde ut: Rommen og Gran, som høyrer til Oslo, og Verket skole som kontrollskule frå Moss. Dei to Oslo-skulane har over 90 prosent elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn, mens Verket skole har ca. 30 prosent elevar med minoritetsbakgrunn. Resultatet av ei spørjeundersøking blant rektorar og FAU-leiarar på desse skulane viser at det er veldig låg deltaking blant foreldre med minoritetsbakgrunn.

### **Tiltak 3.6 Lage foreldrerettleiing for utdanningsval**

FUG har i 2014 starta arbeidet med å lage ei foreldrerettleiing for utdanningsval.

**Konklusjon:** FUG har gjennom rådgiving og samarbeid med relevante instansar – deriblant Oslo KFU og NAFO – og kontakt med skuleeigarane bidrege med innspel som er nyttige for at alle foreldra skal engasjere seg meir i heim-skule-samarbeidet.

### **4. Samarbeide med aktuelle aktørar i saker der det er viktig at foreldreperspektivet er til stades**

#### **Tiltak 4.1 Ha jamleg kontakt med samarbeidspartnarar som til dømes lærarorganisasjonane, Elevorganisasjonen, Barneombodet, Sametinget, KS, IMDI, NAFO og fylkesmennene**

I 2014 har FUG samarbeidd med desse aktørane:

- KS – kommunesektorens interesse- og arbeidsgivarorganisasjon
- Utdanningsforbundet
- Skuleleiarforbundet
- Skolenes landsforbund
- Elevorganisasjonen
- Sametinget
- Alle fylkesmenn
- Barneombodet
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI)
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir)
- Helsedirektoratet
- Medietilsynet – Trygg Bruk
- NAFO
- Trygg Trafikk
- Unicef
- Barnevakten
- Redd Barna
- Røde Kors
- Voksne for barn
- LUFSS – Landslaget for nærmiljøskulen

Foreldreutvalets leiar og sekretariatet har hatt regelmessige møte med mange av samarbeidspartnarane og diskutert skulepolitiske saker av felles interesse. FUG og samarbeidspartnarane har ei felles oppleving av at dette samarbeidet er av stor verdi og skal vidareførast.

#### **Tiltak 4.2 Etablere kontakt med naturlege samarbeidspartnarar om ei mogleg mentorordning for elevar som står i fare for å ikkje fullføre vidaregåande opplæring**

FUG har sendt ein møteførespurnad til Arbeids- og sosialdepartementet for å drøfte dette med politisk leiing i departementet:

1. Tiltak for å få fleire elevar til å fullføre vidaregåande opplæring
2. Tilpassa/kompetansegivande opplæringstilbod også for dei som har falle frå / valt bort den ordinære skulen
3. «Dobbeltsituasjonen» til lærlingane. Med det siktar FUG til at lærlingane har både ein elev- og ein arbeidstakarstatus. Som lærling har ein i utgangspunktet eit ekstra sterkt lovvern mot dårleg fysisk og psykisk arbeidsmiljø ettersom ein har rettar både etter opplæringslova og arbeidsmiljølova. Nokre lærlingar opplever likevel eit stort sprik mellom arbeidsmiljøet i lærebedrifta og læringsmiljøet på skulen, spesielt med tanke på arbeidstid, arbeidsbyrde og fleksibilitet. Det viser seg òg at lærlingane fort kan falle mellom to stolar: Ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunane og lærebedriftene er ikkje alltid innlysande. Korleis sorgje for at rettane til lærlingane blir respekterte og innfridde? FUG meiner at ein god innsats på dette området vil kunne ha ein positiv effekt på utdanningsvala og fullføringsevna til yngre elevar.

#### **Tiltak 4.3 Halde forelesingar om heim-skule-samarbeid på lærarutdanningane og jobbe for at ressursmateriellet for lærarutdanninga blir teke i bruk**

Det er svært viktig at lærarstudentane får kompetanse i å kommunisere med foreldre og sjå på foreldre som ein ressurs. FUG har halde sju foredrag på lærarutdanningsinstitusjonar og oppdatert ressursmateriellet til lærarutdanning på heimesida vår.

#### **Tiltak 4.4 Delta aktivt i Manifest mot mobbing og vidareføre samarbeidsprosjektet med KS om beredskapsteam mot mobbing i fire utvalde kommunar**

FUG deltek aktivt som part i Manifest mot mobbing.

I 2013 deltok fire kommunar i eit pilotprosjekt for å gjere seg erfaringar med beredskapsteam mot mobbing. Kommunane var Eigersund, Kristiansand, Råde og Sarpsborg. Det blei skriva ein rapport om pilotprosjektet. I 2014 blei pilotperioden utvida til ut 2014. Rapporten er trykt i nytt opplag, og det er lagt til opplysningar om arbeidet i 2014. FUG har hatt ansvaret for dette arbeidet i samarbeid med KS.

Samarbeidet om beredskapsteam blir vidareført med start i 2014. KS er prosjekteigar. Råde kommune er sekretariat for prosjekt i fire regionar. FUG bidreg med erfaringar frå pilotprosjektet og tek del i gjennomføringa.

#### **Tiltak 4.5 Samarbeid med foreldreorganisasjonar i Norden gjennom NoKo og i Europa gjennom EPA**

FUG har hatt eit godt samarbeid med søskenorganisasjonane sine i Nordisk komité (NoKo) og med den europeiske foreldreorganisasjonen EPA.

Det er eit godt samarbeid mellom dei nordiske foreldreorganisasjonane gjennom Nordisk komité. Komiteen består av leiarane av foreldreorganisasjonane i dei nordiske landa.

Nordisk komité er ei samanslutning av foreldreorganisasjonane for grunnopplæringa i Norden. Søskenorganisasjonane til Foreldreutvalet for grunnopplæringa er *Förbundet Hem och Skola* (Finland), *Skole og Forældre* (Danmark), *Riksförbundet Hem och Skola* (Sverige) og *Landssamtök foreldra Heimili og skóli* (Island).

Nordisk komité møttest kvart år for å diskutere skulepolitikk og foreldresamarbeid. Annakvart år arrangerer samanslutninga ein felles konferanse.

Mange saker er av felles interesse for dei nordiske landa, til dømes forskning på heim-skule-samarbeid, kompetanse på heim-skule-samarbeid i lærarutdanninga, rolla til foreldra i kvalitetsutvikling og skulevurdering, skulen sitt ansvar og foreldra si rolle i mobbesaker, og fråfallsproblematikken. Møta har blitt brukte til å utveksle erfaringar, gi kvarandre innspel og foreslå tiltak.

Alle dei nordiske landa er representerte, og formannskapet går på omgang for ein periode på to år om gongen. Annakvart år blir det òg arrangert ein nordisk konferanse i regi av dei fem medlemslanda.

Nordisk komité har dei to siste åra hatt fokus på temaet fråfall. Dette er ei problemstilling som har hatt og framleis har stor merksemd på regjeringsplan i dei nordiske landa. Auka foreldremedverknad og eit godt samarbeid mellom heim og skule er eit viktig verkemiddel for å hindre fråfallet.

I perioden 2012–2014 har Finland hatt formannskapet i Nordisk komité.

Den danske foreldreorganisasjonen *Skole og Forældre* tek seg av sekretariatsoppåvene.

11. og 12. september 2014 blei det halde ein konferanse i finsk regi. Han samla ca. 50 foreldre frå dei fem landa. Temaet på konferansen var «ein likeverdig skule for alle».

Foreldre i alle dei nordiske landa er bekymra over aukande segregering i skulen. Høve til skulebyte og inndeling i såkalla A- og B-lag er blant spørsmåla som optek foreldre i alle landa.



### **European Parents' Association (EPA)**

FUG er representert i den europeiske foreldreorganisasjonen *European Parents' Association* (EPA). FUG-nestleiar Christian Hellevang er styremedlem i EPA. 28.–29. november 2014 blei det halde ein EPA-konferanse i Bucuresti i Romania med temaet *The role of home-school relationship in preventing school violence and early school leaving*.

### **Tiltak 4.6 Engasjere oss i dei digitale læringsplattformene**

FUG har skaffa seg kunnskapar om dei to vanlegaste læringsplattformene, *itslearning* og *ClassFronter*, og lagt ut informasjon om dei på heimesida vår.

**Konklusjon:** Gjennom konstruktivt samarbeid med aktuelle aktørar har FUG drøfta sentrale saker der det er viktig at foreldreperspektivet er til stades.

### **Disposisjonsløyving frå kap. 226 post 21.**

Beredskapsteam mot mobbing

FUG har i samarbeid med KS hatt eit pilotprosjekt med utvikling av beredskapsteam mot mobbing i fire kommunar. Kommunane har hatt ei samling, og sluttrapporten frå 2013 er revidert og trykt i nytt opplag.

### **Samarbeid mellom FUB og FUG**

#### **Prosjekt «Heile barnet – heile løpet» 2013–2015**

FUB og FUG har i fellesskap eit prosjekt som løftar foreldreperspektivet i barnehage og skule. Prosjektet har som mandat å finne fram til kva faktorar som fremjar eit godt læringsmiljø og samarbeid med foreldra.

I prosjektperioden på tre år (2013–2015) vil vi sjå nærmare på læringsmiljøet og følge barn og foreldre frå siste året i barnehagen inn i første året på skulen. Opplæring handlar ikkje berre om deltaking i yrkeslivet, men femner mykje vidare i form av opplæring i demokratiske prosessar, respekt for menneskerettane og vern om miljøet. I prosjektet ønskjer FUB og FUG saman med barnehage og skule å setje fokus på systemisk arbeid framfor individretta tiltak i barnas læringsmiljø. Både barnehagelova og opplæringslova slår fast at barns miljø skal motarbeide alle former for diskriminering, til dømes mobbing. Å bli møtt med respekt og likeverd legg eit avgjerande grunnlag for utvikling og læring hos barn. Prosjektet vil involvere barn, foreldre og tilsette både i barnehage og skule og gi oss informasjon og kunnskap frå begge miljøa. I prosjektperioden vil vi sjå nærmare på kva barns læringsmiljø har å seie. Universitetet i Agder bidreg med både kvantitativ og kvalitativ forskning.

## **Førebels resultat**

Det nye forskingsprosjektet «Heile barnet – heile løpet», som er eit samarbeid mellom Universitetet i Agder, Foreldreutvalet for barnehagar og Foreldreutvalet for grunnopplæringa, Kristiansand kommune og Sørlandets sykehus, undersøker både tilsette, foreldre og barns perspektiv på mobbing i barnehagen.

## **1. Kvalitativ undersøking retta mot femåringane i barnehage v/Anne Helgeland**

### **Hovudmålsetjing**

Å førebyggje mobbing i barnehagen med barns oppleving, tilsettes ansvar og foreldres involvering som kjernepunkt.

### **Problemstilling**

Korleis barn opplever relasjonar, trivsel og samspel i lek i barnehagen.

### **Forskingsspørsmål**

Kva opplever femåringar som dei viktigaste trivselsfaktorane i barnehagen?  
Korleis forstår femåringen mobbing i barnehagen?

### **Funn**

- Vennskap og lek er viktig – utestenging frå lek og vennskap er ille for alle barna og er eit hovudtema i intervju.
- Barna har ulik forståing av omgrepet *mobbing*, men alle veit kva det betyr når barn er slemme mot andre barn.
- Alle barna kjenner til det å bli halden utanfor i lek og skildrar det som ei vond kjensle.

### **Barnas definisjon av mobbing**

- Å banne
- Viss nokon gjer noko dumt med vilje
- Viss dei gjer slemme ting
- Å seie noko slemt – å seie «drit» eller «dumming»
- Det betyr at nokon skal slå kvarandre og bokse kvarandre
- Som å erte – berre litt slemmare

### **Barnas handlingar**

- Seier det til dei vaksne
- Seier unnskyld
- «Kan skrive dei ut av barnehagen»
- «Snakke med foreldra»

Vaksnes handlingar: Sitje på benken

## **2. Kvantitativ undersøking v/Bobo Kovac og David Lansing Cameron**

Metode:

6 barnehagar

81 tilsette (svarprosent 86)

143 føresette til barn på tre år eller eldre (svarprosent 57)

### **Funn**

- Begge gruppene vurderer kompetansen til barnehagetilsette som høg når det gjeld mobbing.
- Meir enn 1/3 av dei føresette svarer likevel «veit ikkje» på spørsmål om barnehagens kompetanse på mobbing.
- Dei fleste deltakarane vurderer fokus på mobbing i barnehagen som relevant.
- Eit fleirtal av deltakarane i begge gruppene er einige om at mobbing blant barn finst i deira barnehage. Likevel meiner vesentleg fleire tilsette enn foreldre at det finst mobbing blant barna i deira barnehage.
- Mens eit fleirtal av dei barnehagetilsette er einige om at mobbing finst blant barna i deira barnehage (67 prosent), meiner ca. halvparten (48 prosent) av foreldra at det finst mobbing i deira barnehage.
- Mobbing blir ofte sett i samanheng med utestenging frå leiken og korleis offeret opplever mobbing. Fysisk og verbal aggresjon (til dømes å bruke stygge namn) blir òg relatert til mobbing i barnehagen, men blir ikkje vektlagt i like stor grad som utestenging og offerets oppleving.

## **3. Arbeid med relasjonar i småbarnsavdelingar som førebygging av mobbing v/Dag Nome**

### **Forskingsspørsmål**

Korleis kan dei vaksne arbeide førebyggjande mot mobbing før språk og kognitive evner gjer bruk av tradisjonelle mobbeførebyggjande program mogleg?

- Korleis kan relasjonar mellom barn oppstå, vare ved og ta slutt?
- Kva roller speler dei vaksne i denne prosessen?
- Korleis oppstår og kva pregar samlande kulturelle ritual i ei barnegruppe?
- Korleis handterer vaksne og barn utanforskap?
- Er det forskjellar mellom base- og avdelingskulturen?

### **Rammene for prosjektet**

- To kommunale barnehagar med ulik driftsform (avdeling og base)
- Interesse frå personalet for å utforske og styrkje eigen praksis med tanke på å førebyggje mobbing blant dei yngste
- Feltarbeid med observasjon av samspel mellom vaksne og barn og mellom barn
- Dialog med personalgruppene omkring funna med tanke på å finne døme på praksis som er verd å forsterke, systematisere eller endre

- Personalgruppene tek avgjerder om enkle tiltak som skal prøvast ut

Arbeidet er i gang. Dette er ein del av eit ph.d.-studium.

## **Resultatmål for sekretariatet for FUB og FUG**

Sekretariatet skal gjennom arbeidet sitt leggje til rette for at utvala bidreg aktivt med synspunkt og råd overfor Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet.

### **Faste oppgåver**

- **Sørgje for at utvala får god fagleg og administrativ støtte i arbeidet**

For å fylle rolla si har utvala svart på høyringar og hatt kontakt med den politiske leiinga i Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet og ulike samarbeidspartar. I den samanhengen har sekretariatet medverka med god fagleg og administrativ støtte.

- **Sørgje for god ressursutnytting og samordning av aktivitetane i begge utvala og sikre informasjonsflyt på tvers av utvala**

Ressursane har vore utnytta effektivt og i samsvar med reglane i staten. Saksdokumenta til begge utvala har blitt lagde på eit felles intranett, Projectplace, der alle i utvala og sekretariatet har tilgang. I tillegg har heile sekretariatet vore kjent med kva utvala har arbeidd med, og har kunna samordne og sikre informasjonsflyt.

I oktober 2014 arrangerte FUB og FUG ein felles foreldrekonferanse for barnehage- og skuleforeldre som ca. 200 foreldre deltok på. Temaet var «Foreldre i barnehage og skule – gode nok?»

- **Sikre god ressursfordeling mellom utvala i tråd med tildelingsbrevet og i samarbeid med utvala**

Ressursane blei fordelte ut frå rammene i tildelingsbrevet og med ei målsetjing om at begge utvala skulle ha eit godt økonomisk handlingsrom. Budsjettet blei behandla i begge utvala.

- **Sørgje for at verksemda blir driven effektivt og i samsvar med økonomiregelverket for staten og anna statleg regelverk og sørgje for forsvarleg kontroll**

Sekretariatet er fullservicekunde hos Direktoratet for økonomistyring. Sekretariatet har følgd dei etablert rutinane og ved behov søkt råd hos DFØ og KD.

- **I samråd med utvalsleiarane utvikle og føre vidare ei felles forståing av rollene og oppgåvene til utvala og sekretariatet**

FUB har samarbeid og gjensidig forventingsavklaring som årleg tema på eit utvalsmøte. FUG har utarbeidd eit dokument som handlar om mandat, roller og samarbeid.

- **Vise enkeltsaker vidare til rett formell instans**

Sekretariatet opplever at foreldra som tek kontakt, set pris på å ha ein tredjepart som er lyttande og gir råd om korleis dei skal gå vidare med sakene dei er opptekne av. Dette meiner sekretariatet er viktig å prioritere. I nokre få enkeltsaker er foreldre viste vidare til rett formell instans.

- **I samråd med utvala velje ut sentralt informasjonsmateriale som blir omsett til nordsamisk og dei største minoritetsspråka etter ei vurdering av tilgangen på slikt materiale frå andre ressursar**

I 2014 har FUB omsett brosjyren om mobbing og dei fem temaplakatane til dei fem største språka: somali, urdu, arabisk, polsk og engelsk. FUG har omsett heimesida til nordsamisk.

- **Vareta prinsippet om universell utforming for å styrkje utvikling og bruk av løysingar med gode funksjonelle kvalitetar for alle brukarar, utan omsyn til funksjonsevne**

FUB og FUG har vareteke prinsippet om universell utforming på heimesidene med mellom anna verktøy for tekstopplesing og høve til å auke skriftstorleiken. Alle malar for nettstaden er validerte etter tilrådd W3C-standard og dermed tilrettelagde for skjermleseutstyr og anna spesialtilpassing for alle brukarar.

- **Sekretariatet må sørge for kontinuerleg fagleg kompetanseheving både generelt og på spesielle område**

Sekretariatet har sørgt for kompetanseheving mellom anna ved å delta på ulike seminar og konferansar og invitere relevante fagfolk til kontorseminaret sitt.

- **Avdekkje og fjerne interne tidstjuvar**

Sekretariatet har identifisert dei viktigaste interne tidstjuvane og starta ein prosess for å fjerne dei.

- **Avdekkje tidstjuvar og foreslå endring av regelverk som skaper tidstjuvar**

Sekretariatet har avdekt eksterne tidstjuvar. Dei er rapporterte til Kunnskapsdepartementet.

**Konklusjon:** I 2014 har sekretariatet for FUB og FUG gitt nødvendig støtte til utvala og nyttige råd til foreldre. God ressursfordeling og ressursutnytting har gitt utvala eit godt handlingsrom. Sekretariatet har òg bidrege til at både utvalet og sekretariatet skulle ha ei felles forståing av mandat, roller og samarbeidsformer.

For å kunne gi kunnskapsbaserte råd til både skulestyresmakter og foreldre har sekretariatet heva kompetansen sin på aktuelle område gjennom å delta på seminar og konferansar. Sekretariatet har òg sytt for nødvendige oppdateringar på heimesida etter ønske frå målgruppene.

## **Kommunikasjonsarbeidet i FUB og FUG i 2014**

Kommunikasjonsarbeidet i FUB og FUG har i 2014 vore i tråd med dei strategiane utvala har vedteke for media, nett og dei sosiale media og med proaktive medieplanar.

### **Mediearbeid for FUB**

I 2014 har FUB handtert i alt 34 mediesaker, som er ein liten nedgang frå året før. Derimot har fleire saker – i alt 17 – i 2014 vore eigeninitierte. Av desse har 15 gitt resultat.

Dei fleste sakene har handla om bemanning, vikarbruk, kutt i barnehagebudsjett, mobbing og ulike praksis ved opptak i private versus offentlege barnehagar.

Barnehagedagen, som vi arrangerte saman med Fagforbundet og Utdanningsforbundet 18. mars, hadde barns medverknad og demokrati i høve grunnlovsjubileet som tema. Vi fekk audiens på Slottet 14. mars for ei gruppe barn som fekk overrekkje si eiga grunnlov til Kongen.

Barnehagedagen og audiensen medførte ekstra planlegging og koordinering med Slottet. Mediedekninga blei god, mellom anna med saker i Dagsrevyen og TV2-nyhetene. Ein felles kronikk om barns medverknad kom på trykk i NRKs Ytring: <http://www.nrk.no/ytring/>.

Programmet «Året med Kongefamilien» på NRK1 1. juledag og Kongens nyttårstale hadde òg barnas eiga grunnlov og slottsbesøket som tema.

Ved lanseringa av prosjektet «Heile barnet – heile løpet» saman med FUB og ei rekkje forskarar ved Universitetet i Agder fekk vi på trykk ein felles kronikk om mobbing i barnehagen i NRKs Ytring. Funna gav òg eit innslag i Dagsrevyen og P2s Ekko med mellom andre FUB-leiaren.

FUB laga si eiga undersøking blant foreldre om kvalitet i barnehagen og kva dei legg vekt på ved val av barnehage. Schibsted Riks fekk saka eksklusivt, noko som resulterte i heilsider på nett i dei fem store regionavisene inklusive Aftenposten.

FUB-leiaren deltok i ein debatt om «trynefaktor» ved opptak i private versus offentlege barnehagar i P2s Nyheitsmorgon og fekk òg på trykk ein kronikk i NRKs Ytring om temaet.

Vi har sendt ut tre pressemeldingar og sju nyheitsbrev i 2014.

## **FUBs nettside**


Vi har halde fram med å byggje ut nettsida med nytt fagstoff, publikasjonar og nyheiter. Det er utført ei større omlegging av globale menyar og undermenyar, og innhaldet er kvalitetssikra og redigert.

Vi har ikkje heilt nådd målet om 4000 unike brukarar i snitt, men vi nærmar oss! Snittet i år er 3813 unike besøk mot 3219 i 2013.

Toppmånadene har vore september, oktober, november, desember og mars. Snittet for hausten er over 4900 unike brukarar, som er langt over målet for heile året.

Nettstaden har i 2014 blitt marknadsført gjennom nyheitsbrev, i foredrag, på stands, ved produkt, i media, på FUBs facebookside, på Twitter og i anna materiell.

### Nettrafikk til FUB 2012–2014 (tabell)



### FUB på Facebook og Twitter

FUB har fått 640 fleire «likarar» på Facebook i løpet av året og har 1629 per 15.1.2015. Vi har annonsert i årets to siste månader, og dette held fram ut januar 2015.

FUB etablerte seg på Twitter 10. januar 2014 og har på eitt år fått 442 følgjarar.

Både nettsida, facebooksidea og twitterprofilen er blitt marknadsførte på Foreldrekonferansen, i foredrag, nyheitsbrev og gjennom utsendingar. Det er eit mål å bidra endå meir til openheit, dialog og debatt med foreldre og andre på Facebook og Twitter.

### Mediearbeidet i FUG

FUG har handtert 132 mediasaker totalt i 2014, ein auke på 32 frå året før. 18 av sakene var eigeninitierte. Det største mediefokuset gjaldt mobbing og leksefri skule, begge i november, der FUG-leiaren deltok i ei rekkje debattar i radio og tv.

Mobbdebatten starta etter saka om 13-årige Odin, som tok livet av seg på grunn av mobbing. Foreldra stod fram i VG. FUG deltok aktivt i fleire debattar i media om foreldres klagerett overfor fylkesmannen, flytting av mobbarar, FAU si rolle i mobbesaker, beredskapsteam mot mobbing og førebygging av mobbing generelt.



I lekkesaka gjekk FUG-leiaren ut i Aftenposten og gav si støtte til ein leksefri skule etter eit innlegg frå ein av journalistane i avisa. Saka vekte mykje debatt blant skulepolitikarar og foreldre. Ho blei tema mellom anna i NRKs Debatten og Aktuelt, der FUG-leiaren deltok.

I løpet av året har vi òg hatt mediepågang i samband med lærarstreiken og ønsket vårt om ei nasjonal evaluering av SFO-tilbodet. TV2 hadde SFO-saka først som toppsak med FUG-leiaren, og fleire har følgd opp.

Ved skulestart hadde vi ein felles kronikk med kunnskapsministeren på VGNett om kor mykje foreldra betyr. Ved lansering av prosjektet «Heile barnet – heile løpet» saman med FUB og ei rekkje forskarar ved Universitetet i Agder fekk vi ein felles kronikk i NRKs Ytring.no. Funna gav òg eit innslag i P2s Ekko med mellom andre FUG-leiaren.


FUGs eiga undersøking om møtet mellom foreldre og skule, utført av Ipsos MMI, blei gitt Aftenposten eksklusivt, noko som resulterte i ei heilside i papiravisa i september.

Vi har skrive tre lesarinnlegg til lokal- og regionaviser, sendt ut åtte nyheitsbrev med lenkje til FUGs nettsaker og tre pressemeldingar i løpet av året.

### **FUGs nettsider**

Trafikken har også i 2014 slått alle rekordar med eit snitt på 8492 unike brukarar, mot 7200 året før. Dette er over målsetjinga i strategien. Toppmånaden var som vanleg september med i alt 14 525 unike besøk (mot 10 000 året før). Heile hausten hadde stor trafikk, med over 10 000 unike brukarar i snitt. Derimot var april ein månad med lågare besøk enn året før.

## Nettrafikk til FUG 2012–2014 (tabell)



Vi har mange direkte- og tilvisingssøk til nettsida. Det siste betyr at mange andre sentrale aktører har lenkje til oss som fører brukarane vidare inn til oss. Rundt åtte prosent av besøka kjem frå dei sosiale media.

Nettsidene har blitt marknadsførte gjennom foredrag, utsendingar, på stand, ved produkt og på Foreldrekonferansen. Arbeidet med å få nettside på nordsamisk er fullført i 2014 og skal følgjast opp i 2015.

### FUG på Facebook og Twitter

I 2014 har vi gått opp frå 1777 «likarar» ved årsskiftet til 3120 per 15.01.2015. Noko av auken kjem av annonsering i mai og juni.

På Twitter har FUG meir enn dobla talet på følgjarar på eitt år, frå 500 per 10.01.2013 til 1179 per 15.01.2014.

Det er eit mål å bidra endå meir til openheit, dialog og debatt med skuleforeldre og andre på Facebook og Twitter.

## **Utforming**

Både FUG og FUB har vareteke prinsippet om universell utforming på fug.no med mellom anna verktøy for tekstoppløsing og høve til å auke skriftstorleiken. Alle malar for nettstaden er validerte etter tilrådd W3C-standard og dermed tilrettelagde for skjermleseutstyr og anna spesialtilpassing for alle brukarar.

## **Vurdering av framtidsutsikter**

Barnehagelova og opplæringslova peiker på samarbeidet med foreldra. Eit nært og forpliktande samarbeid er avgjerande for å realisere måla som er sette for barnehage og skule. Stadig fleire ser ut til å bli klar over kor viktig foreldresamarbeidet er. Men samarbeidet er ikkje alltid enkelt, og det vil framleis vere stort behov for kompetanse og rettleiing til foreldra og tilsette i barnehage og skule.

Barnehagen har vore og er i rask utvikling, og stemma til foreldra må høyrast når endringar skal gjennomførast i åra som kjem. Det same gjeld for skulen. FUB og FUG er spesielle i eit internasjonalt perspektiv, men vi opplever at vi fyller ein viktig funksjon i sektoren vår, som har ansvaret for barn og unge frå null til atten år. FUB og FUG opplever å bli inviterte med når ulike tema i barnehage og skule skal diskuterast, og synspunkta til foreldra blir lytta til og vurderte. Bidraga frå utvala blir opplevde som verdifulle.

Denne rolla ser vi at vi må fylle også i åra som kjem. Vi kan komme til å oppleve kapasitetsproblem. Begge utvala arbeider målbevisst med å bli betre kjende, og begge utvala opplever å få fleire førespurnader om å delta på arrangement, halde foredrag og gi råd. Dette kan i nokon grad løysast ved å utvikle heimesidene ytterlegare og i endå større grad utnytte sosiale medium til å formidle budskapane våre. Andre måtar å kommunisere på, til dømes videokonferanse, kan òg redusere kapasitetsproblema. Men det motsette kan òg skje, at fleire blir klar over kva vi kan bidra med og ønskjer samtalar og foredrag.

FUB og FUG vurderer det slik at vi også på lengre sikt vil nå fastsette mål på ein tilfredsstillande måte.